



Skyss

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/2912 - 14/13477

Saksbehandlar:

Katarina Birkeland

katarina.birkeland@radoy.kommune.no

Dato:

09.12.2014

Busstilbod for ungdom

Radøy kommune driv eit aktivt ungdomsarbeid og har omlag 1800 barn og unge under 18 år. Kommunen er delt inn i fire bygder, med eit kommunesenter Manger med t.d. ungdomsskule, ungdomsklubb, kino og andre organiserte og uorganiserte aktivitetar. Som ungdomskoordinator i kommunen og som ungdomsklubleiar sendar eg ein førespurnad om angående busstilbodet for ungdom i kommunen. Me fokuserer på uorganisert aktivitet, og ungdomsklubben har opp mot 150 aktive ungdomar som deltar på uorganisert aktivitet i vekedagar.

For dei ungdomane som bur på Manger, er det ikkje noko problem med og komme seg til å frå aktivitetar. Skyss tilbyr to bussruter som ungdomen bruker i vekedagar for å komme seg heim frå Manger og frå aktivitet. Den første er kl. 20.13 frå Manger til Bøvågen og den andre er kl. 21.11 frå Manger til Austmarka. Dette er eit flott tiltak som ungdomen bruker. Det eg ynskjer å spørre om det er mogleg å utvide tilbodet. Me har mange ungdomar frå Sletta-området, som ikkje har eit busstilbod på kveldstid. Dette fører til at foreldre alltid må køyre ungdomen på aktivitet og arrangement, som igjen fører til at ikkje alle har muligheita til å delta på dei aktivitetane dei ynskjer.

Vårt spørsmål er:

- 1) Hadde det vore mogleg at bussen som går til Bøvågen på kveldstid gått vidare til Sletta og avslutta ruta si der? Det er ca 7,5 km frå Bøvågen til Sletta, og sjåførane køyrar forbi Sletta dersom dei skal tilbake til Knarvik.
- 2) Kunne bussen til Bøvågen kunne gått seinare på kvelden, ca kl. 21.10. Mange aktivitetar er ferdig kl. 21.00 på Manger.

Det første spørsmålet er viktigast for oss. Me arbeider veldig for å få fleire uorganiserte ungdomar aktive, og ser at me har få ungdomar frå Sletta-/ Nordanger -området. Me håper me kan få til ei prøveordning på dette. Håper på positivt svar.

Med helsing

Katarina Birkeland
ungdomskoordinator

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Skyss